

Vedtekter for FAU Sund ungdomsskule:

§1 – Foreldrerådet

Alle foreldre som har born ved skulen, er medlem av foreldrerådet. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heimen og skulen, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hos elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.

§2 – Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU)

Foreldrerådet sitt arbeidsutval er eit arbeidsutval valt av foreldrerådet og er det utøvande organet for foreldrerådet. FAU er bindeleddet mellom foreldra og skulen. FAU skal sikre reel medverknad for foreldra, og ha medansvar for at læringsmiljøet til elevane er trygt og godt.

§3 - Val og konstituering

Foreldrerådet vel representantar til FAU ved første møte i nytt skuleår. Representanten blir valt for 1 år. Det skal vere to representantar frå kvar klasse, (fast og vara).

Rektor har ansvar for at det blir kalla inn til første møte i nytt skuleår. Det første møtet bør avviklast så tidleg som mogleg i skuleåret, og seinast innan slutten av september. Der blir vedtektene for FAU gjennomgått.

FAU konstituerer seg på det første møtet og vel leiar, samt representantar til SU og SMU. Det kan og bli valt nestleiar, sekretær og kasserer.

§4 – Komitear

Det kan veljast underkomitear for FAU, som arbeidar med nærare definerte oppgåver eller prosjekt. (skulevurdering, informasjonstiltak eller anna).

§5 – Møte

FAU skal ha 4-6 møte pr. år. FAU skal også halde møter når minst 3 representantar krev det. Alle møtte har stemmerett.

§6 – Oppgåver

FAU kan ta opp og arbeide med alle saker som går inn under foreldrerådet sitt ansvar og rettsområde.

Det er viktig at det er god dialog og informasjonsflyt mellom FAU og foreldreråd/foreldre, og mellom FAU og skuleleiing. Dette kan ein gjere ved at referat frå møte, kontaktlister over foreldrerepresentantar og liknande blir lagt på skulen si heimeside.

Foreldrekontaktane er bindeleddet mellom sin klasse og FAU, og må sørge for at relevant informasjon blir gitt og mottatt mellom foreldre/klasse og klassekontakt.

§7 – Økonomi

Alle i FAU har mandat til å kome med innspel til korleis midlar som kjem inn til FAU skal nyttast. Styret (leiar, nestleiar, sekretær og kasserer) avgjer prioriteringar og disponering av FAU sine midlar. Styret pliktar å halde FAU orientert. Sekretær og kasserer er disponent av FAU sin bankkonto. Bidrag kan kun gjevast til formål som kjem skulen sine elevar direkte til gode. Rekneskap vert lagt fram for foreininga ein gong i året for handsaming og godkjenning.

§8 – Teieplikt

Forvaltningslova sine bestemmingar om teieplikt, gjeld for foreldrekontaktar og medlemmar av skulen sine rådsorgan, (FAU, SU, SMU).

§9 – Endring av vedtekter

Forslag til endring av vedtekter må sendast skriftleg til FAU. Endringane vert teken opp og blir vedtatt/ ikkje vedtatt på møte i foreldrerådet. Foreldrerepresentantane kan foreta avstemming klassevis for sine respektive klassar. Vedtektsendringar krev 2/3 fleirtal.